

FØRESEGNER til REGULERINGSPLANEN etter PBL §25
Reguleringsplanen er teikna på kart i målestokk 1: 2500

Innanfor avgrensinga er arealet regulera til:

- Byggeområde (§25, 1. ledd nr 1)
- Område for industri og lager
- Landbruksområde (§25, 1. ledd nr 2)
- Område for jord – og skogbruk
- Offentlege trafikkområde (§25, 1. ledd nr 3)
- Køyreveg
- Fareområde (§25, 1. ledd nr 5)
- Skytebane
- Høgspenningsanlegg
- Spesialområde (§25, 1. ledd nr 6)
- Skytebane
- Privat parkering
- Privat gangveg
- Frísiktsone veg
- Freda kulturminne
- Parkbelte i industristrøk

§ 1 Fellesføresegner

Dersom det under anleggsarbeid i området dukke opp freda kulturminne, må arbeidet straks stansas og regionaletaten varslas, jf kulturminnelova § 8.2.

§ 2. Byggeområde

2.1 Industri - og lagerområde
a) I områda A, B og C kan det oppførast bygg for lett industri – og/eller handverksverksemdar med tilhøyrande anlegg. Innanfor industriområdet kan areala delast mellom fleire verksemdar. Kommunen kan krevje at bygg – og anleggstilltak ikkje vert sett i gang for den ønskilde tomta/utea før det er utarbeidd detaljerna planar og skisser, slik som situasjonsplan, illustrasjonsplan og eller teknisk plan. Planane skal leggast fram saman med søknad om tiltak, og godkjennast av kommunen. Ved melding om tiltak (byggemelding) skal det gjerast greie for plassering av bygningar, lagrings- og renovasjonsareal, og tilkopling av vatt, straum og avløp.

b) I områda som er regulera til industri og lager kan det tillatast forettings- og kontorverksemdar, då høvesvis knytt til produksjonen.

c) Bygningar, konstruksjonar og anlegg i området skal gjevast ei god form og fargebruk. Skilt og reklame på bygg og elles rundt i reguleringsområdet skal godkjennast av kommunen.

d) Det er høve til å legge til rette med interne vegar og parkeringsplassar. Desse skal byggast og ferdigstillaast seinast samstundes med opparbeiding av byggetomta. For større terrengingrep og byggekonstruksjonar knytt til lagring og renovasjon, skal melding om tiltak leggast fram og godkjennast av kommunen.

e) Lagring utomhus knytt til produksjonen kan tillatast, men skal då leggast til ei avgrensa del av tomta. Kommunen kan krevje at lagringsområdet vert skjerna med løveggar, tekoverbygg eller liknande, dersom området verkar skjemmaende for omgjevnadene.

§ 3. Landbruksområde

3.1 Område for jord – og skogbruk
a) Innanfor området kan det grunnboras og takast opp vatt.
b) Det kan settast opp bygg og anlegg på inntil 8 m² for å sikre vassforsyning.

§ 4 Offentlege trafikkområde

4.1 Køyreveg
Ny offentlig køyreveg skal opparbeidas i området og med breiddar som synt på kartet. Eksisterande hovudveg skal utbetras i den grad det er naudsynt for oversiktleg og defina krysstilløysing, og handtering av overflatevatt. Det skal utarbeidas ein enkel byggeplan for krysset, og byggeplanen skal godkjennast av Vegvesenet før bygging. Avkrysstal krysset skal vera bygd og godkjend av Vegvesenet samstundes med utbygging av skytebanen.

§ 5 Fareområde

5.1 Skytebane
Ved skyting skal for områda F1 og F2 nødvendige tiltak settas i verk for å sikre person, eigedom og trafikk mot skade. Tilkomstvegen skal ved skyting fysisk vera stengt.

5.2 Høgspenningsanlegg

Høgspent kraftline i luftstrek skal ha ei byggegrense på 7,5m frå midten av lina og 5m rundt trafostasjon. Avgrensingar knytt til bruken av fareområdet går fram av Elektrisitetslova.

§ 6. Spesialområde

6.1 Skytebane
a) Samla bruk av skytebanen er avgrensa til 3 dagar eller kveldar pr. vøke mellom klokka 15.00 – 21.00, og mindre enn 20.000 skot i året. Det skal ikkje vera skyting på søn- og helagdagdar oftare enn 2 gonger pr år, og då mellom klokka 8.00 og 20.00.

b) Støynivået skal i regelen ikkje oversteige 65 dB for eksisterande og nye omkringliggjande bustadar, fritidshusvære og næringsbygg. Ved etablering av nye bygg med støykjensleg bruk i vurderingssona (gul sone) skal kommunen krevje ein støyfagleg utgreiing som synleggjer støy nivå ved dei ulike fasadar på bygg og plass ute. Utgreiinga bør ligge føre samstundes med framlegg til plan i plansaker, eller ved søknad om byggkøyve i byggsaker. Utgreiinga skal vise støy nivå innandørs og utandørs ved alternative løysingar for plassering av bygg, og aktuelle avbøtande tiltak.

c) Innanfor området kan det leggast til rette for skytebane med tilhøyrande bygg og installasjonar. Det er krav til standplassbygg for 100 – metersbanen at det vert sett opp med framtrekk på 3,5m for kvar 2. skyttar, og at det vert sett opp støyskjerm/ støyvoll knytt til standplassbygg for eksisterande pistolbane før banen vert teken i bruk.

d) Bygningar skal gjevast ei tiltalende form som er tilpassa andre bygningar i området. Vollar og andre opparbeidde delar av roverande og nytt anlegg skal såas til med gras.

e) Mellombelse innretningar som er naudsynt i samband med arrangement skal takas bort ved avslutning. Dette gjeld også reklameskilt, seppel o.l
f) Vesentleg endra bruk av skytebanen skal godkjennast i høve til Foreningslova.

6.2 Privat veg

a) Alle nye fyllingar og skjeringar knytt til PV1, PV2 og PV3 skal der det høver såas til. Det skal byggast tru eller stikkrenne over bekkar, og desse skal dimensjonera for stor vassføring.

b) Vegane PV1 og PV2 skal byggast og haldast i hevd av Ytre Vinje skytterlag og Vinje pistolklubb, men vegane skal kunne nyttas som driftsveg for eigedommen Høgetveit g.nr/b.nr 57/1.

6.3 Privat parkeringa) På områda P1 og P2 regulera til parkering skal byggast og haldast i hevd av Ytre Vinje skytterlag og Vinje pistolklubb. Det skal opparbeidas eit høveleg tal parkeringsplassar, min. 25. Parkeringa skal dekke trongan til parkeringsplassar ved treningar og mindre arrangement.

b) Det skal leggast til rette for tekniske innretningar knytt til handtering av avløpsvatt og kloakk frå skyttarhuset, innom parkeringsarealet P1.

6.4 Privat gangveg
Alle fyllingar og skjeringar knytt til gangvegen skal der det høver såas til. Vegane skal byggast og haldast i hevd av Ytre Vinje skytterlag.

6.5 Frísiktsone veg
I sone er det ikkje tillate med objekt høgere enn 0,5m over nivå på tilstøytande veg. Tre, stolpar og liknande med ein diameter mindre enn 30 cm kan godtakast etter godkjenning frå kommunen.

6.6 Freda kulturminne
Kolgropane K1 og K2 er regulera til automatisk freda kulturminne jf kulturminnelova. Arbeid som kan føre til at det automatisk freda kulturminnet vert tildekt, skjult eller på annan måte skjemt, er ikkje tillate.

6.7 Parkbelte i industristrøk
I Parkbelte 1 og 2 er det ikkje tillate med uttak av tømmer, anleggsarbeid, lagring eller anna som vil øydelegge vegetasjonen i områda. Unntakte er ei 5 m brei sone frå vegkanten nærast E 134, og i siktsona til krysset, der det skal haldast fritt for tre og kratt. Elles i områda skal skogen skjattaast på ein enkel måte, og slik at områda får ein skjemmaende effekt i høve industriområdet.

			
Målestokk 1: 2500			
Ekvidistanse 5 meter			
Digitalt kartgrunnlag Vinje kommune			
REGULERINGSPLAN FOR KVASSHAUG SKYTEBANE <small>Vinje Kommune</small> REGULERINGSPLANEN VEDTEKEN			
Med tilhøyrande enkel byggeplan for krysset. <small>Dato 31.01.2008</small> Vinje Kommune - våren 2008 <small>Krekk 09/13</small>			
SAKSHANDSAMING IFL. PBL	SAKSNR.	DATO	SIGN.
1. Handsaming i planutvalet	06/102	20.09.2008	
Offentleg ettersyn frå 18.10.08 til 30.11.08			
2. Handsaming i planutvalet	08/10	16.01.2008	
Vedtøken i kommunestyre	08/13	31.01.2008	
PLANEN ER ARBEIDD UT AV:	SAKSNR	TEGNNR	SAKSHANDSAMAR
Tre Streker v/ E. Kringlebu 3893 Vinjevøgen	08/13	KV01	